



Plog «skapar» avling og inntekt

Forfatter

Oddbjørn Kval-Engstad, Norsk Landbruksrådgiving

Sammendrag

Lågare grasavlingar er ei viktig årsak til at mange produsentar ikkje legg om til økologisk sauehald. For produsentar med gode forhold for pløying er det muleg å oppnå gode avlingar utan bruk av kunstgjødsel. Tiltak som bruk av meir kløver og kortare omløpstid i enga kan vere god økonomi under dagens forhold anten ein driv økologisk eller ikkje.

Publisert

2009

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2009

Utskriftsdato

24.10.2021 www.fag.nsg.no

Plog «skapar» avling og inntekt

Lågare grasavlingar er ei viktig årsak til at mange produsentar ikkje legg om til økologisk sauehald. For produsentar med gode forhold for plying er det muleg å oppnå gode avlingar utan bruk av kunstgjødsel.

Tiltak som bruk av meir kløver og kortare omløpstid i enga kan vere god økonomi under dagens forhold anten ein driv økologisk eller ikkje.

Nok og godt grovfôr er viktig

I ein grovfôrbasert husdyrproduksjon seier det seg sjølv at disponibel føremengde er avgjerande for økonomien. Det kan løna seg å gjere ein ekstrainsats for å halde grovfôravlingane så høge som råd når ein legg om til økologisk drift. Det kan ikkje vera tvil om at det lønar seg å produsere kjøt til ein marknad utan overproduksjon. Er lammevekta og klassinga for dårleg, løner det seg «til og med» å bruke kraftfôr for å rette på dette.

Kan ein i staden dyrke meir eige grovfôr til lågare kostnad, vert sjølv sagt resultatet endå betre.

Den viktigaste føresetnaden for nok grovfôr (i tillegg til nok areal) er gode avlingar som kjem frå ein god plantebestand. Vanleg sauehald med vår- og haustbeite på innmarka kan vera tøft for plantene, og dei aller fleste må rekne med fornying med jamne mellomrom om avlingane skal halde seg nokolunde. Ekstra krevjande er det for raudkløveren, som er så viktig for nitrogenforsyninga i økologisk drift.

Attlegg løner seg

Økonomiberekningar viser at det ligg gode inntektsmoglegheiter i tiltak som



gjev auka avlingar. Kostnader pr. føreining grovfôr ligg som regel godt under kostnader pr. føreining økologisk kraftfôr. Ein i overkant allsidig plantebestand kan tyde på at mange trur attlegg er dyrt. Kva kostar det egentleg, og kor mykje kan du vinne?

Kor mykje lågare avlingane vert med aukande alder på enga, heng saman med planteval, kor godt du lukkast med det førre attlegget og ikkje minst korleis du tek vare på enga. Når det gjeld planteval tenkjer vi fyrst og fremst på at du har teke med beiteplanter som engrapp og kvitkløver. Desse gjev ikkje maksimal avling, men toler beiting godt, er varige og har evne til å dekke bakken slik at ugras ikkje

slepper til. For at desse småfrøa artane skal slå til må du lukkast med attlegget: kalking, godt såbed, grunn såing og inga beiting før enga har fått ein heil sesong med maskinell hausting.

Avlingsnedgangen heng saman med kor intens slått og beite du driv. Sjølv med berre slått ser vi at timoteibaserte blandingar gjev tydeleg mindre avling tredje engåret når det vert teke 3 slåttar pr. år.

Skribenten sine eigne registreringar i eit område der husdyrhaldarar òg har mykje korn i omløpet viste at i eit driftsopplegg med 3 slåttar pr. sesong heldt avlinga seg oppe i to år etter attleggsåret. Deretter fekk vi ofte ein svikt på 30% det tredje engåret.

Utanfor kornområda vert spørsmålet gjerne om avlingsauken ved attlegg kan betale kostnaden med å snu enga.

Vi tek utgangspunkt i eit forsøk

Tabell 2. Avlingar, kg tørrstoff/daa. Avrunda tal.

Engår	1.	2.	3.	4.	5.	6.	Sum
Gammal eng	500	500	500	500	500	500	3 000
«Ung» eng	800	800	800	725	700	400	4 225

Fortsetter side 30.

utført hjå Bioforsk Løken i Valdres i åra 1992-2003, der det berre vart nytta husdyrgjødsel i små/moderate mengder. Løken ligg i eit område der to slåttar til no har vore det vanlegaste, og det er dette systemet vi ser på.

Gammal eng er 7-12 år gamal. I «ung» eng er det grønfôr 5. året, og attlegg utan dekkvekst 6. året. Vi ser at avlinga i den gamle enga var stabil og kan rekne med at det ville halde fram så sant vi ikkje skar plantedeppet.

Her fann dei altså om lag 40% meiravling, og det vert i gjennomsnitt om lag 175 FEm/daa kvart år. For å rekne kostnad på desse føreiningane har vi nytta tal frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) sine økonomiforsøk. Nøkkeldata for nødvendig reiskap og prisar på leige-køyring i 2008 er henta frå bladet Norsk Landbruk.

Frå og med pløying til og med såing har vi rekna 1,6 arbeidstime pr. daa. Den største variasjon i arbeidsforbruk finn ein som venta i steinrydding, som i dømet her er rekna til 0,5 time pr. daa. Med ein timespris på 200 kroner vert arbeidskostnaden 320 kr/daa. Vi har valt reiskap som til saman kostar 220.000 kroner. Med ein årleg driftskostnad på 15% av investeringa og fordelt på 70 daa (grønfôr og attlegg) vert maskinkostnaden 470 kr/daa. Totalkostnaden vert altså tett på 800 kr/daa for attlegget. Til samanlikning vart prisen berre drygt 400 kr/daa når vi nytta leigeprisane beint fram, men her er usikre moment som påslag for dårleg arrondering, «oppmøtekostnader» og sterkt varierende lokale prisar. Vi tek det som eit teikn på at vi ikkje har vore urimeleg kravstore til effektiviteten i våre berekningar.

Vi har ikkje rekna kostnader med spreining av husdyrgjødsel, då gjødsla uansett skal ut på jorden og arbeidsforbruk og maskinkostnad vert om lag lik om ein driv på den eine eller andre måten.

Pløying kan vere «god butikk»

Totalt koster det seksårige omløpet i dømet frå eit grasområde om lag 1 600 kr/daa meir enn den varige enga. For dette får vi 1 225 kg ekstra tørrstoff, eller om lag 1 050 føreiningar. Prisen vert altså drygt 1,50 kroner pr. føreining for meiravlinga. Sjølv med meiravlingar halvparten så store som i dømet ovanfor vil ein økologisk

produsent framleis ha att ein gevinst, medan ein konvensjonell kjem ut om lag i null pga. rimelegare kraftfôr.

Reknestykka over viser at det kan vere smart å vurdere eigne kostnader med attlegg på den jorda du kan pløye. Ved å snu enga oftare på areal som er godt eigna for pløying vil ein også bidra til fleire positive moment, som: meir effektiv utnytting av kalken då denne vert blanda i større jordvolum, mindre rotugras og høgare kløverandel og alle dei positive eigenskapane i fôr frå ung eng. Har du ikkje tid eller reiskap for å gjere arbeidet sjølv, bør du vurdere om det er muleg å få leigd andre til å snu enga for deg. Det kan gje både auka inntekt til den som pløyer og den som får snudd enga si.

Direktesåing eit alternativ?

Vi finn lite og inkje av raudkløver i varig eng. Det gir lågare avling, fôr-opptak og tilvekst hjå dyra, i høve til ei ung eng med raudkløver. Fornyng av

plantedekket på enklare vis enn attlegg er difor interessant. Hjå Bioforsk Fureneset fann dei 7% avlingsauke ved godt tilslag på direktesåing av raudkløver. I vårt døme med gamal eng ville det utgjort ein årleg auke i tørrstoffavlinga på 35 kg, eller snaut 30 FEm/daa. Kostnadene til frø og leigesåing ville blitt drygt 3 kr/FEm.

Raudkløver og raigras er artar som har gitt brukande tilslag ved direktesåing. Sjølv om det er godt nytt for raudkløveren inneber det at vi vanskeleg kan rekne med å reparere gamal, evt. køyreskadd eng i særleg grad. Det beste ein kan gjere er truleg å syte for ein «frøbank» ved å så tidleg og la dyra trakke frøet ned til jordkontakt. Det er også mest aktuelt i nokolunde ung, open eng. På eldre eng med ein del torv-/strøsjikt må vi rekne med å setje inn ekstra tiltak for å skapa jordkontakt.

*Oddbjørn Kval-Engstad
Oddbjorn.Kval-Engstad@lr.no*

KLYPPEUTSTYR

Stort utval av hengemaskiner og handmaskiner for sau, geit, storfe og lama-arter.

- Sliping
- Reparasjonar
- Vedlikehald

Verdskjent sveitsisk kvalitet

Heiniger



Ravndal Klyppeservice

Jorunn og Peder Ravndal, Hadland, 4330 Ålgård
Telefon 51 61 69 10 – Fax 51 61 69 99 – Mobil 916 35 364
E-post ravndal@klyppeservice.no

Nettbutikk: www.klyppeservice.no